



# FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Martine Bjørnhaug  
Telefon: 57643132  
E-post: fmsfmab@fylkesmannen.no

Vår dato  
07.10.2011  
Dykkar dato  
15.09.2011

Vår referanse  
2011/3964 - 443.0  
Dykkar referanse  
2011/11137-7

Direktoratet for naturforvaltning  
Postboks 5672 Sluppen  
7485 TRONDHEIM

## Regulering av fiske i vassdrag og sjø etter laks og sjøaure i Sogn og Fjordane frå 2012

Vi viser til oversending av retningslinjer for regulering av fiske etter anadrome laksefisk i vassdrag og sjø frå sesongen 2012 sendt 30.8.2011.

### Bakgrunn

Fylkesmannen skal føreslå ny regulering av fiske etter laks og sjøaure i vassdrag og sjø for perioden frå 2012, etter retningslinjer frå Direktoratet for naturforvaltning (DN). Vi har vurdert bestandsstatus, gytebestandsmål, innspel frå det regionale fagrådet og innspel frå lokale lag og organisasjonar. Fiskereglane skal følgje dei vitskapelege råda frå det internasjonale havforskningsrådet ICES og moderne forvaltningsprinsipp, som føre-var-tilnærminga. Desse råda går ut på at laksefisket bør baserast på dei bestandane som fullt ut utnytter produksjonskapasiteten.

Lokale lag vart inviterte til å foreslå fiskereglar i brev av 08.09.11. Den nye reguleringa har også vore diskutert i Samarbeidsrådet for laks og sjøaure. Rådet består av representantar for elveeigarane, sjølaksefiskarane, sportsfiskarane (NJFF) og kommunane i Sogn og Fjordane. Vedlagt følgjer forslag til ny regulering.

Fylkesmannen skal bruke fisketid som hovudverkemiddel til å regulere fisket for å nå gytebestandsmålet. Alternative vekemidlar for å regulere fisket kan vektleggast på bakgrunn av forslag frå lokalt hald dersom den lokale forvaltninga er tilfredsstillande.

### Forslag til endringar

Forslag til ny forskrift i forhold til førre periode:

Fylkesmannen foreslår at det vert gjort følgjande endringar i sjølaksefiske:

Fiske etter laks og sjøaure med kilenot og lakseverp:

- **Kysten utanfor Sogn og Fjordane:**
  - Ordinær sesong: 15. juli til 29. juli: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00
  - Utvida sesong: 20. august til 28. februar: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00
- **Nordfjord innanfor Rugsundet:**
  - Ordinær sesong: 20. juli til 4. august: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00
  - Utvida sesong: stengt

Hovudkontor  
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 65 33 02  
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga  
Fjellvegen 11, 6800 Førde  
Postboks 14, 6801 Førde  
Telefon: 57 64 30 00  
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:  
fmsfpost@fylkesmannen.no  
Internett:  
www.fylkesmannen.no/sfj

Fiske etter laks og sjøaure i vassdrag:

- **Lærdalselvi:** Fylkesmannen foreslår at det vert opna for eit avgrensa fiske etter sjøaure i Lærdalselvi frå 1. juli til 15. august. Fiske etter laks vert som før frå 1. juni til 31. august den tida elva framleis er under behandling.
- **Jølstra:** Fylkesmannen foreslår at det vert opna for fiske etter laks frå 1. juli til 15. august i Jølstra med ein kvote på 100 laks. Fisketid for sjøaure vert frå 1. juli til 15. august.
- **Jostedøla:** Fylkesmannen foreslår at det vert ein forskyving i fisketid i Jostedøla slik at fisketida vert frå 15. juli til 15. september.
- **Daleelva i Høyanger:** Fylkesmannen foreslår at det vert oppretta ei fredingssone på 100 meter i sjøen rundt kraftstasjon K5 ved Daleelva i Høyanger.

## Grunngjeving

Fylkesmannen er i stor grad nøgd med dei fiskereglane som vart innført i 2010. Det har vore eit godt fiske sesongen 2011 stort sett i heile fylket, og Fylkesmannen ser derfor ikkje nokon grunn til å redusere fisketida i forhold til det eksisterande. Jf. føre-var-prinsippet som er lovfesta i naturmangfaldslova § 9 meiner vi likevel at det ikkje førekjem tilstrekkeleg kunnskap, i tillegg til at tidsperspektivet med 1-2 gode fiskeår er for kort, til å utvide fisketida i særleg grad. Det vart i 2010 rapportert om mykje smålaks/ tert, og i 2011 har det vore ei klar dominans av mellomlaks i mange elvar. Dette kan tyde på at vi har å gjera med ein spesielt god årsklasse som kan forklare noko av det gode fiske dei to siste åra. som er årsaka til den positive trenden. Dersom det er tilfelle kan det tenkast at den positive trenden vil vera kortvarig. På bakgrunn av dette ønskjer vi i all hovudsak å oppretthalde den eksisterande fiskereguleringa frå 2011 i elvane. Det kan likevel vere særskilte situasjonar/ unntak der reglane må vurderast på nytt og eventuelt endrast.

Direktoratet for naturforvaltning understrekar at reguleringar i sjø og elv skal sjåast i samanheng. Det skal vurderast om fisket bør regulast i høvesvis elv eller sjø av fordelingsomsyn, sjølv om beskatningsråda ikkje tilseier at det er behov for å endre reguleringa. Dersom det er grunnlag for å auka beskatningstrykket i ein region skal eit auka haustbart overskot fordelast mellom elve- og sjøfisket.

På bakgrunn av dette foreslår vi følgjande endringar i Sogn og Fjordane:

Fiske etter laks og sjøaure i sjø:

### Kysten utanfor Sogn og Fjordane:

Fiske etter laks og sjøaure med kilenot og lakseverp:

- Ordinær sesong: 15. juli til 29. juli: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00
- Utvida sesong: 20. august til 28. februar: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00

*Beskatningsråd frå Vitenskapsrådet for villaksforvaltning:* Det er fare for at forvaltningsmåla for fleire bestandar som beskattast i fisket i denne regionen ikkje er nådd og beskatninga bør reduserast moderat. Fisket er likevel allereie lite og oppnåinga var betre i 2010.

*Vurdering og forslag frå Fylkesmannen*

Fiskeregimet på kysten har vore tilpassa ein situasjon der forvaltninga skal ha som mål å beskytte dei svakast bestandane som inngår i fisket på blanda bestandar. Etter ein lengre periode kor sjølaksefisket har stått for ein svært stor del av den totale beskatninga, er sjølaksefisket, etter sterke restriksjonar dei siste åra, svært marginalt i Sogn og Fjordane (fig. 1). Ved kysten utanfor Sogn og Fjordane er det pr. i dag berre lov å fiske i fire døger. Fleire sjølaksefiskarar seier at ved eit slikt regime vil sjølaksefisket døy ut. Mange fiskarar hevdar fisket like gjerne kunne vore freda når det berre er to døger fiske i veka, dette med bakgrunn i arbeidet med å setje ut nota og at nota krev tilsyn. Fylkesmannen har difor vurdert å stengje heilt for fiske på kysten eller å opne for fire døger i staden for to. Fylkesmannen har på bakgrunn av ei generell auke i innsiget av laks dei to siste åra, at det er svært få som fiskar med kilenot og av omsyn til fordeling elv/sjø, vurdert at det er grunnlag for å utvide fisketida til å gjelde frå måndag kl. 18.00 til fredag kl. 18.00 både i ordinær sesong og i utvida sesong.

**Nordfjord innanfor Rugsunde :**

Fiske etter laks og sjøaure med kilenot og lakseverp:

- Ordinær sesong: 20. juli til 4. august: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00
- Utvida sesong: stengt

*Beskatningsråd frå Vitenskapsrådet for villaksforvaltning:* Bestandane i denne fjorden tåler truleg høgare beskatning dersom sjøoverlevinga blir som i dei seinare år.

*Vurdering og forslag frå Fylkesmannen*

Beskatningsnivået for dette fjordsystemet står fram som berekraftig, og beskatninga for alle vassdraga i fjordsystemet står fram som berekraftige. Fylkesmannen foreslår at grensa ved Husevågøya og Hennøya vert flytta innover i fjorden til Rugsundet og at det blir same gjeldane fisketid i heile fjordsystemet innanfor Rugsundet. Dei eksisterande grensene er forvirrande, og det er eit ynskje å gå tilbake til dei gamle grensene. Vi kan heller ikkje sjå at det er naudsynt med desse grensene med ulik fisketid i ein fjord som tåler høgare beskatning. Innanfor Rugsundet foreslår vi å opne for eit avgrensa fiske i ordinær sesong, og at same strekning blir stengt for fiske i utvida sesong slik det i hovudsak er i dag. Dette vil medføre ei forkorting av fisketida i Eidsfjorden, men ei innkorting av fisketida her vart og føreslege av fylkesmannen ved førre revisjon. Vi vurderer difor det som rimeleg å ha same fisketid som i resten av Nordfjord.




Fig. 1: Fangst av laks i elv og sjø i Sogn og Fjordane.

Fiske etter laks og sjøaure i elv:

**Generelt:** Fylkesmannen har fått inn fleire innspel som går på ønskje om utvida sesong. Fylkesmannen foreslår at det opnast for moglegheita for ei forlengja fisktida, anten i forkant, eller i etterkant av sesongen, dersom det innførast ein dags freding pr. veke gjennom heile sesongen. Vi meiner at dette kan gi eit jamnare uttak av fisk når det gjeld fordeling av storleik og kjønn på fisken, at det kan vera positivt at elva får "kvile" ein dag, samt at det vil gi positive sosioøkonomiske konsekvensar. Forslaget vart positivt motteke på møtet med Samarbeidsrådet.

**Lærdalselvi:** Fylkesmannen foreslår at det vert opna for eit avgrensa fiske etter sjøaure i Lærdalselvi frå 1. juli til 15. august, og at fiske etter laks vert som før frå 1. juni til 31. august den tida elva framleis er under behandling. Lærdalselvi har vore stengt for fiske etter sjøaure frå 2008 av omsyn til liten registrert gytebestand. Bestanden for sjøaure viser no ei positiv utvikling, og fisketeljinga i 2010 viste 445 sjøaure. Det er ikkje gjennomført gytefiskteljingar i 2011 enno, men det visuelle inntrykk ved observasjonar frå land og ved dykking tyder på eit godt innsig også i år. Laget foreslår sjølv ein kort fiskesesong samt kvotereglar som avgrensar uttaket. Eit slikt kvoteopplegg er no under behandling i styret i elveigarlaget. Lærdal elveigarlag er innforstått med at eit sjøaurefiske må regulerast slik at det ikkje kjem i konflikt med gyrobehandlinga i 2012.

Når det gjeld laks legg vi til grunn retningslinene til Direktoratet for naturforvaltning der målet er å ha minst mogleg laks i vassdrag infisert av parasitten *Gyrodactylus salaris*.

**Jølstra:** Fylkesmannen foreslår at det vert opna for fiske etter laks frå 1. juli til 15. august i Jølstra med ein kvote på 100 laks. Fisketid for sjøaure vert frå 1. juli til 15. august. Dei to siste åra har det i Jølstra vore ein døgnfreding frå kl. 06.00 til kl. 20.00 kor alt fiske er forbode. På tross av dette vart det i 2010 fanga 211 laks, og i 2011 vart det fanga 309 laks. Det er såleis ikkje lenger tale om bifangst. Når det gjeld sjøauren vart det i 2011 berre fanga 112 individ mot 384 året før. Dette ser vi på som bekymringsfylt. Det er likevel ikkje uvanleg med naturlege svingingar i sjøaurebestanden i Jølstra, og det er usikkert om årets låge fangsttala skyldast fråver av ein årsklasse, i kombinasjon med ei svært sein sjøaureoppgang. Fylkesmannen foreslår derfor å avvenda situasjonen og å oppretthalde fiske etter sjøaure, men med ei innkorting av fisketida i etterkant på to veker. Vi ser det som fordelaktig å ha lik fisketid for laksen og sjøauren.

Laget foreslår at fredingstida nedanfor Langebrua vert oppheva, og at fredingstida ovanfor Langebrua vert redusert frå 06.00-20.00 til kl. 13.00-18.00. Nyare forskning tyder på at freding i nokre timar midt på dagen ikkje har særskilt effekt. Fylkesmannen foreslår derfor at fredingstida vert fjerna i forskrifta. Laget står sjølvstilt fritt til å ha fredingstid som ein del av det lokale regelverket.

**Jostedøla:** Fylkesmannen foreslår at det vert ei forskyving i fisketid i Jostedøla slik at fisketida blir frå 15. juli til 15. september i staden for 1. juli til 15. august. Jostedøla er ein sterkt bre-påverka elv med marginale forhold, og dette gir seg utslag i at fisken går opp svært seint i denne elva. Undersøkingar på 1990-talet viste at reguleringa av elva medførte at temperaturen i perioden juli til september er ca. 1°C lågare enn før reguleringa. Dette kan ha medført ytterlegare sein oppvandring. På Alsmo vert det i dag ikkje fanga fisk i det heile tatt grunna at fisken ikkje har kome opp til Alsmo før fisketida er over. For å få ei jamnare beskatning i elva foreslår vi derfor å forskyve fisketida.

**Daleelva i Høyanger:** Fylkesmannen foreslår at det opprettast ei fredingssone på 100 meter i sjøen rundt kraftstasjon K5 ved Daleelva i Høyanger. Det står til tider mykje fisk og trykker ved kraftstasjonsosen. Fisken vert ståande der til det kjem ein flaum i Daleelva. Det skal vera fleire som fisker etter laksen her, og det tas store mengder. I følge HJFL veit dei med sikkerheit at enkelte personar har tatt 60 laks åleine. Laksebestanden i Daleelva er kategorisert som sårbar og oppretthaldas ved tiltak. Det er svært uheldig dersom det da fiskast på bestanden på utsette stader som i ein kraftstasjonsos.

### **Merknadar til reguleringane**

Generelt ønskjer Fylkesmannen at ei nasjonal forskrift i all hovudsak bør vere basert på fisketid og god lokal organisering. Kvotar bør vere dynamiske og bør difor ikkje inn i ei fleirårig forskrift. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane meiner at kvotar kan vere eit nyttig hjelpemiddel for å nå gytebestandsmålet, men vi meiner at fisket må opphøre når kvoten er nådd. Det er og svært viktig at det er eit beskatningsgrunnlag dersom det skal vere eit fiske i ei elv.

Vidare meiner vi at det kan vera rom for å utvide fiskesesongen der det er god lokal organisering, og der kor det innførast ein eller fleire fredingsdøger. Dette kan vera eit positivt tiltak for å få ein jamnare uttak av fisk gjennom sesongen, noko som igjen vil kunne ha positive sosioøkonomiske verknader.

## VEDLEGG

### Innkomne merknader og vår vurdering

#### **Møtet i samarbeidsrådet:**

Retningslinjene, bestandssituasjonen og behovet for nye reguleringar vart drøfta medsamarbeidsrådet for laks og sjøaure den 29.09 i år. Det var semje i rådet om at alle må bidra for å styrke laksebestandane. Sjølaksesida meinte klart at sjølaksefisket i fylket er betydeleg regulert, og spesielt i inne i fjordane der fisket dels er fasa ut i den ordinære fiskesesongen. Direktoratet for naturforvaltning har presisert i retningslinjene at det må vere ei balanse mellom restriksjonar i sjølaksefiske og fiske i elvar. Det vart såleis til dels semje blant sjølaksefiskarane og elvelaksefiskarane at fiske i sjø kan opnast litt opp enkelte stader i ei avgrensa grad. Det tek ei veke å setje opp ei kilenot, og det er svært mykje arbeid med tøming og fjerning av blant anna maneter. Sjølaksefiskarane ønskjer at kilenotfisket aukast frå 2 til 4 dagar pr. veke.

Det har kome fleire innspel til Fylkesmannen om ei auke i fisketid med 2 veker, anten i forkant eller i etterkant. Innspela er stort sett grunngeve med eit godt innsig av laks i 2011. Det vert diskutert om 1-2 år med godt fiske er nok til å auke fisketida, eller om ein bør ta omsyn til føre-var prinsippet og vente. Ei kort fisketid i elvane vil likevel kunne gi eit skeivt utval i fisket. Eit alternativ for å få eit jamnare uttak av fisk kan vera å auke lengda på fiskesesongen og samstundes innføre eit fredingsdøgn pr. veke gjennom heile sesongen. På den måten kan også de sosioøkonomiske forholda betrast.

#### **Aurland:**

##### ***Aurland elveeigarlag:***

Laget foreslår at det ikkje opnast for fiske etter anadrome laksefisk frå land eller båt i perioden 1. mars – 31. mai i den delen av Sognefjorden som er Nasjonal Laksefjord. Dette er grunngeve med at sjøauren er for hardt beskatta ved stongfiske på etter-vinteren og våren.

##### ***Vår vurdering:***

Sjøaurefisket i Sognefjorden er allereie sterkt redusert, medan det fiskast etter sjøaure i fleire av elvane utan restriksjonar som til dømes kvotar. Fritidsfisket er også ein del av allemannsretten, og vi kan ikkje sjå at sjøaurefisket i fjorden skal påførast ytterlegare restriksjonar utan at dette også skjer i elvane.

#### **Daleelva i Høyanger:**

##### ***Høyanger jakt- og fiskelag:***

Laget foreslår å innføre ei munningssone i havnebassenget der alle dei 3 osane ligg innafor. Dei ønskjer at alt fiske etter anadrome laksefisk i dette området skal vera forbode i perioden 1. juni til 15. september.

***Vår vurdering:*** Fylkesmannen foreslår at det opprettast ein 100-meters fredingsssone i sjøen rundt kraftstasjon K5 ved Daleelva i Høyanger. Det står til tider mykje fisk og trykker ved kraftstasjonsosen. Fisken vert ståande der til det kjem ein flaum i Daleelva. Det skal vera fleire som fisker etter laksen her, og det tas store mengder. I følgje HJFL v har enkeltpersonar tatt 60 laks åleine. Laksebestanden i Daleelva er kategorisert som sårbar og vert oppretthaldt ved tiltak. Det er svært uheldig dersom det da fiskast på bestanden på utsette stader som i ein kraftstasjonsos.

#### **Flekkje og Guddalsvassdraget:**

***Flekkje og Guddal grunneigarlag:*** laget foreslår å utvide fisketida i forkant av fiskesesongen frå 1.6 til 15.5. Dei vil ev. innføre kvotar på 3 laksar pr. fiskar pr. døger

dersom det er ønskjeleg for å få utvida fisketid Dei grunnjev dette med at dei har ein sær s levedyktig populasjon i positiv utvikling. Dette kjem truleg av at elva har vore fullkalka sidan 1997/98, i tillegg til systematisk utsetjing av levande genmateriale. Ei slik utviding av fisketida vil ha positive sosioøkonomiske ringverknadar.

**Vår vurdering:** Den ytre ramma for fisketid er 1. juni til 31. august. Fylkesmannen ser ikkje nokon grunn til at Flekke og Guddalsvassdraget skal ha fisketid utover dette.

#### **Gaula:**

**Gaula elveigarlag:** laget ønskjer å oppretthalde fisketida frå 1. juni til 15. september. Dei påpeker likevel at det kan vera eit problem med omsyn til fastsetjing av kvotar at laget ikkje har mynde over fiskerettshavarar som ikkje er medlem av laget.

**Vår vurdering:** Laget har ei relativt god lokal forvaltning og ein rullerande driftsplan gjennom samarbeid og innhenting av råd frå DN, FM og NINA. Fylkesmannen ser ikkje at det er naudsynt å foreta endringar i fisketida for komande periode. God lokal forvaltning er ei føresetnad for fisketida i Gaula, og Fylkesmannen vil vurdere fisketida i neste periode dersom ikkje samelege grunneigarar er med i laget. Sjølv om det ikkje har vore eit problem at enkelte grunneigarar står utanfor laget til no, ønskjer Fylkesmannen at vassdraget vert organisert under eitt.

#### **Gloppenelva:**

**Gloppen elveigarlag:** laget foreslår flytte fiskestart frå 15. juni til 1. juni. Dei grunnjev dette med at elva har ein berekraftig bestand og at dei har strenge restriksjonar i vassdraget som til dømes døgnkvotar og reiskapsbruk. Dei peiker vidare på at dette er startdatoen for nærliggande elvar. Laget ønskjer vidare å utvide fisketida nedanfor Ebebøfossen fram til 31. august for å ta ut oppdrettsfisk.

**Gloppen hotell:** foreslår å flytte fiskestart frå 15. juni til 1. juni for å unngå eit brautfiske 15.-18. juni. Dei oppretthaldar restriksjonane i elva, og vil i tillegg sette ut at hofisk etter 1. august. Dei ser også på moglegheita for å kultivere sjøaure i framtida. Dei ønskjer vidare å utvide fisketida nedanfor Ebebøfossen fram til 31. august for å ta ut oppdrettsfisk.

**Norsk villaksbevaring v/ Pål Klouman:** foreslår å opne fisket 1. juni i staden for 15. juni på bakgrunn av at laksebestanden er i klar aukiing.

**Vår vurdering:** Vitenskapelig råd for lakseforvaltning seier at beskatninga for denne bestanden står fram som berekraftig og at det ikkje er nødvendig med ytterlegare tiltak for å redusere beskatninga. Dette er ikkje det same som at den tåler ytterlegare beskatning. Fylkesmannen vurderar det slik at det ikkje er grunnlag for å utvide fisketida på bakgrunn av eit godt innsig i 2011 og til dels 2010 da vi meiner dette er for tidleg. Vi veit heller ikkje nok om kva årsaka er og om dette er ein varig positiv trend. Vi har likevel forståing for at redusert fisketid gir seg utslag i reduserte inntekter. Fylkesmannen vil såleis støtte ei ev. ordning kor fisketida kan aukast noko i forkant av sesongen dersom det innførast ein fredingsdag pr. veke gjennom heile sesongen. Dette må i så fall avtalast med DN. Eit ev. retta fiske på oppdrettsfisk må som før avklarast og gis løve til av Fylkesmannen.

#### **Hornindalsvatnet:**

**Nesbygda grunneigarlag:** laget ønskjer å vidareføre fisketida frå førre periode.

**Vår vurdering:** Fylkesmannen ser ingen grunn til å foreta endringar i Hornindalsvatnet. Det er derimot ønskjeleg å få til eit betre rapporteringssystem enn det som er i dag. Dersom

ikkje rapporteringa ikkje vert betre vil Fylkesmannen vurdere redusert fiskesesong ved neste revidering.

#### **Jostedøla:**

**Alsmo Sameige:** foreslår å utvide fisketida frå 31. august til 30. september enten for heile elva, eller berre for Alsmo retten. Dei tykkjer såleis at det er betre å flytte fisketida frå 1. juli til 1. august. Dei grunngjev dette med at det ikkje kjem fisk til Alsmo før august, og at fisken hovudsakleg kjem i september. Ingen på Alsmo har såleis fått fisk dei 2 siste åra.

**Vår vurdering:** Fylkesmannen foreslår at det vert ein forskyving i fisketid i Jostedøla slik at fisketida blir frå 15. juli til 15. september i staden for 1. juli til 15. august. Jostedøla er ein sterkt bre-påvirka elv med marginale forhold, og dette gir seg utslag i at fisken går opp svært seint i denne elva. På Alsmo vert det i dag ikkje fanga fisk i det heile tatt grunna at fisken ikkje har kome opp til Alsmo før fisketida er over. For å få ein jamnare beskatning i elva foreslår vi derfor å forskyve fisketida.

#### **Jølstra:**

**Førde elveigarlag:** laget foreslår å vidareføre aurefisket slik som det no er. Dei foreslår vidare å opne for eit avgrensa fiske eller villaks, definert som tert og mellomlaks/tosjøvinterlaks med ei kvote på 100 villaks for heile elva. Elveeigarane fordeler sjølv kvotane. Vidare ønskjer dei at døgnfredinga reduserast vesentleg frå Langebrua til Brulandsfossen. Dei ønskjer døgnfreding mellom kl. 13.00 og 18.00, og inga døgnfreding nedanfor Langebrua. Dette grunngjevast med at det normalt berre kan fiskast på fjære sjø, ca. 4 timar to gonger pr. døger. Vidare er det på tross av døgnfredinga teke 309 villaks som er blitt satt attende i elva. Aurefangsten er gått ned frå 384 i 2010 til 112 i 2011. Truleg er noko av forklaringa svikt i storleiken + 1kg. Terje Berqvam fortel at opp mot 80% av sjøauren vert teken i sjøen.

**Torbjørn Berqvam:** ønskjer å fjerne døgnfredinga nedanfor Langebrua på grunnlag av at fisket vert svært avgrensa i dette området som er sterkt påverka av flo og fjære.

**Vår vurdering:** Fylkesmannen foreslår at det vert opna for fiske etter laks frå 1. juli til 15. august i Jølstra med ein kvote på 100 laks. Fisketid for sjøaure blir frå 1. juli til 15. august. Vi foreslår vidare at fredingstida vert oppheva. Dei to siste åra har det i Jølstra vore ein døgnfreding frå kl. 06.00 til kl. 20.00 kor alt fiske er forbode. På tross av dette vart det i 2010 fanga 211 laks, og i 2011 vart det fanga 309 laks. Det er såleis ikkje lenger tale om bifangst. Når det gjeld sjøauren vart det i 2011 berre fanga 112 individ mot 384 året før. Dette ser vi på som bekymringsfylt. Det er likevel ikkje uvanleg med naturlege svingingar i sjøaurebestanden i Jølstra, og det er usikkert om årets låge fangsttala skyldast fråvær av ein årsklasse, i kombinasjon med ei svært sein sjøaureoppgang. Fylkesmannen foreslår derfor å avventa situasjonen og å oppretthalde fiske etter sjøaure, men med ei innkorting av fisketida i etterkant på to veker. Vi ser det som fordelaktig å ha lik fisketid for laksen og sjøauren.

#### **Lærdalselvi:**

**Lærdal elveigarlag:** laget foreslår å opne for sjøaurefiske i 2012 med ein relativt kort sesong. Gytebestanden viser no ei positiv utvikling og gyfiskteljingane i 2010 talte 445 sjøaurar. Laget har utarbeidd eit framlegg til kvoteopplegg som er under behandling i styret i elveeigarlaget. Vidare ønskjer laget å avvente situasjonen med omsyn til laksen, då denne som kjend er under behandling for *Gyrodactulus salaris*.

**Vår vurdering:** Fylkesmannen foreslår at det vert opna for eit avgrensa fiske etter sjøaure i Lærdalselvi frå 1. juli til 15. august, og at fiske etter laks vert som før frå 1. juni til 31. august den tida elva framleis er under behandling. Lærdalselvi har vore stengt for fiske etter sjøaure

frå 2008 av omsyn til liten registrert gytebestand. Bestanden for sjøaure viser noe ei positiv utvikling, og fisketeljinga i 2010 viste 445 sjøaure. Det er ikkje gjennomført gytefiskteljingar i 2011 enno, men det visuelle inntrykk ved observasjonar frå land og ved dykking tyder på eit godt innsig også i år. Laget foreslår sjølv ein kort fiskesesong samt kvotereglar som avgrensar uttaket. Eit slikt kvoteopplegg er no under behandling i styret i elveeigarlaget. Lærdal elveeigarlag er innforstått med at eit sjøaurefiske må regulerast slik at det ikkje kjem i konflikt med gyrobehandlinga i 2012.

Når det gjeld laks legg vi til grunn retningslinene til Direktoratet for naturforvaltning der målet er å ha minst mogleg laks i vassdrag infisert av parasitten *Gyrodactylus salaris*.

#### **Nausta:**

**Nausta elveeigarlag:** Laget meiner i prinsippet at fisketida skal vere som før dvs. 1.6 - 31.8 med lokal forvaltning og styring av fangstregimet. Ein ønskjer å oppnå ei berekraftig, prognosebasert lakseforvaltning kombinert med fangstkvotar. Laget foreslår ei romslegare kvoteordning og ei endring av bestemmelsane ein har hatt dei siste åra med ulike kvotar for fisk av ulik storleik.

**Vår vurdering:** Beskatningsrådet til Vitenskapeleg råd for lakseforvaltning er ikkje i samsvar med oppfatninga til dei lokale eller Fylkesmannen. Fylkesmannen vurderar at beskatninga er fornuftig i høve til dagens situasjon, og vi er såleis ikkje einige i at beskatninga bør reduserast betydeleg. Kvotar bør settast utifrå prognosar om innsig og med tilråding frå NINA eller andre med tilsvarande kompetanse. Lokale kvotar må føreleggjast Fylkesmannen kvart år.

#### **Nærøyelvi:**

**Nærøydalen Elveeigarlag:** Laget ønskjer same fisketid for komande år som for 2011, dei meiner at det kan opnast opp for å fiske laks fram til 31. august slik fisketida er for sjøaure. Laget ønskjer vidare at fisketid i sjø må følgje fisketid i elv av omsyn til sjøaurebestanden.

**Vår vurdering:** Vitenskapelig råd for lakseforvaltning seier at beskatninga for denne bestanden står fram som berekraftig og at det ikkje er nødvendig med ytterlegare tiltak for å redusere beskatninga. Dette er ikkje det same som at den tåler ytterlegare beskatning. Fylkesmannen vurderar det slik at det ikkje er grunnlag for å utvide fisketida på bakgrunn av eit godt innsig i 2011 og til dels 2010 da vi meiner dette er for tidleg. Vi veit heller ikkje nok om kva årsaka er og om dette er ein varig positiv trend.

Når det gjeld sjøaurefisket i Sognefjorden er dette allereie sterkt redusert, medan det fiskast etter sjøaure i fleire av elvane utan restriksjonar som til dømes kvotar. Fritidsfisket er også ein del av allemannsretten, og vi kan ikkje sjå at sjøaurefisket i fjorden skal påførast ytterlegare restriksjonar utan at dette også skjer i elvane.

#### **Osenelva:**

**Elvelaget Osen/Vestre Hyen:** Gytebestandsmålet vart nådd i 2010, og fangstane indikerer at det vert oppfylt, og vel så det, i 2012. Laget har innført strenge kvoteavgrensingar i tillegg til at rognplantingsprosjektet er i full drift. Det peiker igjen på at gytebestandsmålet for vassdraget er satt for høgt ettersom områda oppstrøms Gyrefossen ikkje har vore lakseførande historisk sett, og at det går lite laks i laksetrappen. Laget har elles inga merknadar til fisketida.

**Vår vurdering:** Fylkesmannen er einige med laget at gytebestandsmålet er satt for høgt, og ønskjer ein ny evaluering av dette. Så lenge prosjektet med å betre tilhøva for laks pågår, og

at gytebestandsmålet vert nådd ønskjer Fylkesmannen førebels ikkje å endre fisketida i vassdraget.

#### **Oldenelva:**

**Olden elveeigarlag:** laget foreslår å flytte fiskestart frå 1. juli til 15. juni, og at det skal vera høve til å fiske laks i same periode som sjøaurefisket. Det vil seie at fisketida for laks vert flytta frå 15.8 til 31.8. Dei grunnjev dette med at Vitenskapelig råd for lakseforvaltning har karakterisert laksebestande som berekraftig og at den tåler sterkare beskatning. Laget har vedtatt lokale reglar der berre fluge og sluk er tillate fiskereiskapar, maks seks stenger i elva samstundes og ein kvote på ein laks pr. stang og døger.

**Vår vurdering:** Vitenskapelig råd for lakseforvaltning seier at beskatninga for denne bestanden står fram som berekraftig og at det ikkje er nødvendig med ytterlegare tiltak for å redusere beskatninga. Dette er ikkje det same som at den tåler ytterlegare beskatning. Fylkesmannen vurderer det slik at det ikkje er grunnlag for å utvide fisketida på bakgrunn av eit godt innsig i 2011 og til dels 2010 da vi meiner dette er for tidleg. Vi veit heller ikkje nok om kva årsaka er og om dette er ein varig positiv trend. Vi har likevel forståing for at redusert fisketid gir seg utslag i reduserte inntekter. Fylkesmannen vil såleis støtte ei ev. ordning kor fisketida aukast noko dersom det innførast ein fredingsdag pr. veke gjennom heile sesongen. Dette må i så fall avtalast med DN.

#### **Sogndalselvi**

**Sogndal – Fossretten v/ Arild Aase:** laget foreslår å utvide fisketida frå 15. august til 31. august. Dei grunnjev dette med at ein misser ein del av aurefisket, samt kontrollen med oppgang av oppdrettsfisk.

**Sogndal Jeger og Sportsfiskarlag v/ Yngve Håkonsen:** laget foreslår å utvide fisketida frå 15. august til 31. august. Dei grunnjev dette med at ein misser ein del av aurefisket, samt kontrollen med oppgang av oppdrettsfisk.

#### **Vår vurdering:**

Sjøaurebestanden i Sognefjorden er sterkt redusert og det vart i 2011 innført ytterlegare restriksjonar i fjorden for å beskytte den. Sjøauren skal ha same beskyttelse i elv som i sjø. Fylkesmannen kan derfor ikkje sjå at det er grunnlag for ei utvida fisketid etter sjøaure i elv.

#### **Strynevassdraget:**

**Stryn Elveeigarlag:** Laget ønskjer 2 veker tidlegare oppstart, dvs. 15. juni. Dei grunnjev dette den positive trenden som er registrert i sesongen 2011. Dei viser til at store deler av fangsten etter oppstart tas i øvre del av vassdraget.

**Norsk villaksbevaring v/ Pål Klouman:** foreslår å opne fisket 15. juni i staden for 1. juli på bakgrunn av at laksebestanden er i klar auking. Kvotar bør innførast for sjøaure.

**Vår vurdering:** Vitenskapelig råd for lakseforvaltning seier at beskatninga for denne bestanden står fram som berekraftig og at det ikkje er nødvendig med ytterlegare tiltak for å redusere beskatninga. Dette er ikkje det same som at den tåler ytterlegare beskatning. Fylkesmannen vurderer at det ikkje er grunnlag for å utvide fisketida på bakgrunn av eit godt innsig i 2011 og til dels 2010 da vi meiner dette er for tidleg. Vi veit heller ikkje nok om kva årsaka er og om dette er ein varig positiv trend. Vi har likevel forståing for at redusert fisketid gir seg utslag i reduserte inntekter. Fylkesmannen vil såleis støtte ei ev. ordning kor fisketida aukast noko dersom det innførast ein fredingsdag pr. veke gjennom heile sesongen. Dette må i så fall avtalast med DN.

**Vikja:**

**Vik jakt- og fiskelag:** Laget utvide fisketida med 2 veker på slutten av sesongen til 15.9 slik det har vore før. Vikja er ei sein elv. Laksen har eit stort fredingsområde i kraftverkstunnelen øvst i elva. Gytebestanden av laks er godt over gytebestandsmålet for elva, men det er også behov for rogn til kultiveringsprosjektet ovanfor vandringshinder. Det er blitt betraktelege fleire gytegropar i elva. Det lokale regelverket har freda elva fire timar kvar dag, avgrensa salet av fiskekort, og avgrensa tal stenger på visse plassar i elva. Laget seier dei vil ev. setje ut att hofisk etter 1. september. Laget leverer skjelpøver og øyrestein til analyse i rognplantingsprosjektet. Ei innkorting av sesongen vil medføre store økonomiske problem for fiskelaget, og dei meiner at dei sosioøkonomiske ringverknadane av fiske er viktige for ein liten kommune som Vik. Vik har ofte hatt eit høgt innslag av rømt oppdrettisk, men innslaget har minka dei siste 2 åra.

**Vår vurdering:** Vitenskapelig råd for lakseforvaltning seier at beskatninga for denne bestanden står fram som berekraftig og at det ikkje er nødvendig med ytterlegare tiltak for å redusere beskatninga. Dette er ikkje det same som at den tåler ytterlegare beskatning. Fylkesmannen vurderar det slik at det ikkje er grunnlag for å utvide fisketida på bakgrunn av eit godt innsig i 2011 og til dels 2010 da vi meiner dette er for tidleg. Vi veit heller ikkje nok om kva årsaka er og om dette er ein varig positiv trend. Vi har likevel forståing for at redusert fisketid gir seg utslag i reduserte inntekter. Fylkesmannen vil såleis støtte ei ev. ordning kor fisketida aukast noko dersom det innførast ein fredingsdag pr. veke gjennom heile sesongen. Dette må i så fall avtalast med DN.

**Årøyelvi:**

**Årøy gard v/ Knut Munthe Olsen:** foreslår å utvide fisketida etter sjøaure frå 31. august til 15. september. Dette grunnjevast med at det er registrert fleire sjøaure i osen av elva i 2011 enn på fleire år.

**Vår vurdering:**

Sjøaurebestanden i Sognefjorden er sterkt redusert og det vart i 2011 innført ytterlegare restriksjonar i fjorden for å beskytte den. Sjøauren skal ha same beskyttelse i elv som i sjø. Fylkesmannen kan derfor ikkje sjå at det er grunnlag for ei utvida fisketid atter sjøaure i elv

**Sjølaksefiskarar:**

**Vevring og omland Fjordfiskarlag:** Laget ønskjer at fisketid og forbodsregime i fjorden vert vurdert. Dei ønskjer å lempe på fiskeforboda som ei prøveordning, og for å betre registreringane av fisk i fjorden.

**Vår vurdering:** Fylkesmannen foreslår at fisketid for fiske i Nordfjord etter laks og sjøaure med kilenot og lakseverp i ordinær sesong vert sett frå 15. juli til 29. juli: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00. Beskatningsråd frå Vitenskapsrådet for villaksforvaltning er at bestandane i denne fjorden tåler sannsynlegvis høgare beskatning dersom sjøoverlevinga blir som i dei seinare år.

Når det gjeld Førdefjorden har vi vurdert å opne for fiske, men på grunn av ei sterk nedgang i aurefiske i Jølstra og beskatningsråda frå Vitenskapeleg råd i Nausta, har vi valt å foreslå at Førdefjorden førebels vert stengd. Dersom beskatningsråda for Nausta endrar seg vil vi vurdere å opne for fiske i Førdefjorden ved neste revisjon. I tillegg vet vi at det er et relativt stort uttak av sjøaure under sportsfisket i fjordsystemet. Det er også rapportert om ein god del ulovleg fiske i Førdefjorden.

**Sogn og Fjordane grunneigar og sjølaksefiskarlag:** Laget ønskjer at det vert opna opp for fiske etter laks i sjø, og at opningstidene slik dei er i dag, med to dagar i sjø, gjer det nesten umogleg å fiske med kilenot.

**Vår vurdering:** Fylkesmannen foreslår at fisketida for fiske etter laks og sjøaure med kilenot og lakseverp på kysten utanfor Sogn og Fjordane vert følgjande:

- Ordinær sesong: 15. juli til 29. juli: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00
- Utvida sesong: 20. august til 28. februar: måndag kl 18.00 til fredag kl. 18.00

Vi vurderer at det på bakgrunn av ei generell auke i innsiget av laks, retningslinjene frå DN om ein jamn fordeling av fiske mellom elv og sjø, og at det er svært få som fiskar med kilenot i kystområda utanfor Sogn og Fjordane, er grunnlag for å utvide fisketida til å gjelde frå måndag kl. 18.00 til fredag kl. 18.00 både i ordinær sesong og i utvida sesong

**Andre merknader:**

**Sogn villaksråd:** foreslår at det ikkje opnast for fiske etter anadrome laksefisk frå land eller båt i perioden 1. mars – 31. mai i den delen av Sognefjorden som er Nasjonal Laksefjord. Dette er grunngeve med at sjøauren er for hardt beskatta ved stongfiske på etter-vinteren og våren.

**Vår vurdering:**

Sjøaurefisket i Sognefjorden er allereie sterkt redusert, medan det fiskast etter sjøaure i fleire av elvane utan restriksjonar som til dømes kvotar. Fritidsfisket er også ein del av allemannsretten, og vi kan ikkje sjå at sjøaurefisket i fjorden skal påførast ytterlegare restriksjonar utan at dette også skjer i elvane.

**Norsk villaksbevaring v/ Pål Klouman:** foreslår fiskestart i sjø 5. august for heile fylket.

**Vår vurdering:** Det er ikkje aktuelt med ytterlegare innskrenkingar i sjø. Beskatningsråda frå Vitenskapsrådet for villaksforvaltning er at bestandane i Nordfjord sannsynlegvis tåler høgare beskatning dersom sjøoverlevinga blir som i dei seinare år.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
assisterande fylkesmiljøvernssjef

Martine Bjørnhaug  
rådgjevar

Dokument som vert sendt elektronisk er godkjent og signert elektronisk av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane.